



Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

## **Nasjonal jordvernpris - kandidatar frå Møre og Romsdal**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil takke Landbruks- og matdepartementet for eit positivt oppdrag med å føreslå kandidatar til nasjonal jordvernpris. Dette vil bidra til å sette auka fokus på arbeidet med eit sterkare jordvern, og at det tydeleggjer at det er kommunane som er den viktigaste myndigheita for å følgje opp den nasjonale jordvernstrategien og målet om redusert omdisponering av matjord i Noreg.

Fylkesmannen har valt ut to kommunar, i prioritert rekkjefølgje, som vi meiner skil seg positivt ut og som vil vere gode kandidatar frå Møre og Romsdal til nasjonal jordvernpris.

1. Averøy kommune
2. Tingvoll kommune

### 1. Averøy kommune – grunngjevnad

Fylkesmannen meiner at det i Averøy kommune er stor vilje både politisk og administrativt til å verdsette jordvernet høgt i arealsamheng, noko som igjen synast ved at Fylkesmannen ikkje har fremja verken motsegn eller klage på kommunen sine vedtak sidan år 2006. Kommunestatistikken for Averøy kommune, utarbeida av Møre og Romsdal fylkeskommune 2016, viser at Averøy har hatt ein moderat folketalsvekst frå 2006 – 2016, og framskriving av denne syner at kommunen framleis vil ha moderat folketalsvekst fram mot 2030. Averøy vedtok ny kommuneplan arealdel 17.01.2017, ei plan som Fylkesmannen ikkje hadde motsegn til på vegne av landbruksinteressene. Denne plana vart vurdert til å ha positiv verknad med omsyn til jordvernet, då fleire område med dyrka jord og innmarksbeite som i førre kommuneplan var satt av til utbygging, no vart tilbakeført til LNFR-føremål. Kommunen har utarbeida tydelege føringar for arealbruken ved gode føresegnar og retningsliner både i LNFR-områda og i område avsett som omsynssone landbruk. Omsynssone landbruk er også vist på plankartet, noko som gjer bodskapet oversiktelege for ålmenta og føreseieleg for landbruksnæringa. Averøy kommune har også laga tydelege retningsliner for dispensasjonspraksis, noko som er ei klar styrke for landbruksinteressene. Etter ei samla vurdering vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal føreslå Averøy kommune som vår første kandidat til nasjonal jordvernpris.

## 2. Tingvoll kommune – grunngjevnad

Fylkesmannen syner til planomtala til Tingvoll kommune jamfør kommuneplan sin arealdel som vart vedteken 25.06.2015;

«Landbruket er ei viktig næring i Tingvoll kommune som gir sysselsetting og bosetting, og bidrar til fellesgoder som kulturlandskap, miljø og levende bygder. I tillegg til tradisjonell husdyrdrift, planteproduksjon og skogbruk, bidrar landbruket med flere tilleggsnæringer som har gitt økt verdiskaping og sysselsetting. Tingvoll kommune har definert kjerneområder for landbruk i et eget kart. Med "kjerneområde landbruk" menes større sammenhengende områder med dyrkajord, og spesielt verdifulle kulturlandskapsområder. Vern av dyrkajord står sterkt i kjerneområdene, men ved viktige samfunnsmessige behov kan vernet vurderes.

Å ta vare på dyrkajorda er svært viktig for å opprettholde jordbruksnæringa i kommunen og bidra til landets matproduksjon og matberedskap. Ved arealbruk til ulike samfunns mål skal det så langt råd er velges løsninger som ikke bygger ned eller forringer dyrkajord og arealer som er godt egna til oppdyrking eller spesielt verdifulle kulturlandskapsområder. Det er ikke lagt opp til nye byggeområder med boliger eller fritidsboliger som krever direkte nedbygging av dyrkajord.»

Heller ikkje for Tingvoll kommune har Fylkesmannen i Møre og Romsdal fremja motsegn eller klage på vegne av landbruksinteressene tilbake til 2006. Tingvoll kommune har tydelege føresegn og retningslinjer til LNF- og LNF-spreidd områda, noko som er ei styrke for jordvernet. Tingvoll har vore økokommune sidan 1990. Dette betyr at kommunen forpliktar seg til å utvikle eit samfunn som er i vesentleg betre balanse med natur og miljø enn det som var tilfelle tidlegare. Med ei så tydeleg planomtale og som ein kjent øko-kommune, er det ei tydeleg forpliktning til å bidra til og nå det nasjonale jordvern målet. Etter ei samla vurdering vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal føreslå Tingvoll kommune som vår andre kandidat til nasjonal jordvernpris.

Med helsing

Frank Madsøy  
landbruksdirektør

Tormod Meisingset  
rådgivar landbruk

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*